


Hallo i nedslagsfeltet

Overtrakket i høgrefoten har diverre vore meir langvarig enn eg hadde håpa. Har likevell fått trena fotball ein til to gongar i veka med damelaget til Sunnylvn/Stranda. I starten vart sykkelten brukte mest til trening, men foten har heldigvis blitt betre og eg kan no belaste foten normalt.

Trimpostane i dalen har difor blitt vitja hyppig, ofte saman med storesystera mi Ann-Helen. I dag eg vore innom både sætreelva Holemarka, Brunstadsætra, Brundstadkølen og Holetindane.



No i sommar arbeidar eg heime på garden. Etter mi meining ein optimal sommarjobb sidan eg både tener pengar, får vere utandørs og trenar samstundes.





Har vore i Geiranger å heia på VIL sine utøvarar i Nibberittet



Denne helga har vore hektisk. Torsdag reiste mamma og eg til Bergen for å flytte ut av og flytte inn i ei ny leiligheit i Bergen. Dagen etter sette vi kursen heim att for å kunne vere med på aktivitetdagen og brøvøllsfestivalen. Velledalen IL stod for hesteskokasting på aktivitetdagen som var ein populær aktivitet både for born og vaksne.



Min personlege form på ein skala frå 1 til 10 er i skrivande stund vurdert til: 6,3